



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
15/209579-42

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.06.2017

Fv. 722 Flovegen – kostnadsendring

I desember 2014 i sak 47/14 Skredsikring fv. 722 Flovegen – val av alternativ, vedtok fylkestinget at det skulle planleggjast lang tunnel mellom Veslebygda og Flo. Basert på eit forprosjekt, var kostnadene med lang tunnel rekna til 555 mill. 2014-kr, med ei uvisse på 40 %. Alternativa i forprosjektet viste tunnelengder mellom 3,5 og 4 km, med tunnelprofil T5,5.

I arbeidet med reguleringsplan vart det kortaste tunnelalternativet lagt vekk. Årsaka var todelt. Både omsyn til Flostranda naturreservat, og ei risikovurdering knytt til gjennomføring av anleggsarbeidet, gjorde at eit av alternativa for tunnelpåhogg på Flo-sida måtte gå ut. Kostnaden som vart oppgitt i 2014 er basert på tunnelprofil T5,5. I 2016 kom det ny tunnelnormal (Handbok N500) som har krav om T8,5 som minste tunnelprofil også på samle- og adkomstvegar med liten trafikk.

Reguleringsplanen viser to tunnelalternativ med lengd på 3860 m (A1-B3) og 4180 m (A5-B3). Det vart gjennomført anslag i mars 2017, der gruppa kostnadsrekna dei to alternativa både med tunnelprofil T8,5 og ein kombinasjon av T8,5 og T5,5. Anslaget er gjort innanfor ei uvisse på 10%.

Alternativ	Kostnad T5,5	Kostnad T8,5
A1-B3	636 mill. kr.	680 mill. kr.
A5-B3	679 mill. kr.	751 mill. kr.


Tabell 1– Kostnadstal (P50) frå anslag i mars 2017

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Figur 1 – Planområdet med dei to tunnelalternativa innteikna. I påhoggssområde A1 ligg tunnelportalen innanfor naturreservatet. Det er gjort avklaringar mot forvaltarane av reservatet som opnar for grensejustering.

I følgje SSB sin byggekostnadsindeks for veganlegg, er prisstigninga på fjelltunnel 8,26 % frå 2. kvartal i 2014 til 1. kvartal i 2017. Justert for prisstigning blir 555 mill. 2014-kroner 600 mill. 2017-kroner. Alternativ A1–B3 med tunnelprofil T5,5 ligg nærast opp til tunnelen som var utgangspunkt for overslaget i 2014. Prisen på dette alternativet er no 636 mill. kr. Justert for prisstigning ligg dette 6 % over kostnadstalet frå 2014 (555 mill. kroner). Dei andre alternativene har større auke i kostnad, men det kan fullt ut forklarast med større tunneltversnitt og lengre tunnel.

Kostnaden i 2014 var gitt med ei uvisse på 40 %. Kostnaden i 2017 har ei uvisse på 10 %. Kalkyleresultatet frå anslag seier at det er 72 % sannsyn for at kostnaden ligg innanfor ein nedre verdi på 572 mill. kr, og ein øvre verdi på 699. mill. kroner. Sjølv om P50-kostnaden er 6 % høgare i 2017 enn i 2014, er øvre verdi lågare no enn i 2014.

Etter anslag er det søkt om to fråvik som har innverknad på kostnaden. Det første gjeld tunnelprofil T5,5 i staden for T8,5. Dette er det teke høgde for i anslaget. Det andre fråviket gjeld utforming av sidearealet mellom køyrebane kant og tunnelvegg. Her har anslagsgruppa rekna ei innsparing på kr. 4500,- per meter tunnel. Fråviksgruppa i Statens vegvesen tilrår søknaden, men ønskjer føringskant i begge endar av tunnelen. Det opnar for å kutte føringskanten over ei strekning på minst 3000 m, noko som gir ei innsparing på 12–15 mill. kr. Dette er ikkje innbakt i anslaget, og kjem i fråtrekk frå summene i tabell 1.

Dette til orientering.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.